

MØTEPROTOKOLL STORD SOKNERÅD

Råd:	Stord sokneråd
Tid:	Tirsdag 15. juni 2021
	Kl. <u>19.00 – 21.00</u>
Møtestad:	Kyrkjestova Fredheim

Opning: Olav

Innkalla: Anders Dahl, Nils Dale Elde, Kirsti Angvik Frugård, Olav Johannes Oma, Dag Sele, Ingeborg I. H. Ørjasæter, Sigrid Beate Eskeland, Dag Kjetil Lægreid (1. vara)

Forfall: Sigrunn Ljosland, Egil Petterteig, Dagfinn Koppang (2.vara), Arne Drønen (3.vara)

SAKLISTE

2021/34- 012 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak: Godkjent. Samråystes.

2021/35- 012 Godkjenning av møtereferat frå sist soknerådsmøte

Vedtak: Godkjent. Samråystes.

2021/36- 010 Sommarfullmakt 2021

Vedtak:

Stord sokneråd gjev arbeidsutvalet fullmakt til å gjera vedtak på vegne av soknerådet, fram til første soknerådsmøte etter sommarferien. Fullmakta er avgrensa til saker som soknerådet etter gjeldande lover og reglement har høve til å delegera. Vedtaka skal leggjast fram for soknerådet i første møte etter sommarferien.

Samråystes.

2021/37- 217 Arbeid med frivillig teneste i kyrkja

Gruppa som har arbeidd med frivillige i kyrkja orienterer.

Vedtak:

Soknerådet gir utvala i oppgåve å beskrive tenestene i utvala, frist 1.september.
Ber dei arbeide med å etablera og vidare halda oppdatert ei liste/bank over frivillige knytt til utvala.

Samråystes.

2021/38- 317 Takkoffer

Dei siste åra har det vore ein praksis med at 10% av takkoffer-summen ved takkoffer til eksterne føremål vert øyremerka eige arbeid.

Vedtak:

Stord sokneråd vedtek å avslutte praksisen med at ein andel av inntektene frå takkoffer til eksterne føremål vert øyremerka eige arbeid. Fordelinga mellom eige arbeid og eksterne føremål vert ivaretake gjennom oppsettet i takkofferlista per semester.

Samråystes.

Orienterings-/drøftingssaker utan vedtak:

1. Evaluering av soknerådsarbeidet. Innspel på arbeidet og arbeidsforma i soknerådet.
 - a. Godt system på innkallingar, møte etc.
 - b. Positivt at utvala har kome meir i gang med eige arbeid, innan sine mandat.

MØTEPROTOKOLL STORD SOKNERÅD

- c. Avklaringar om utvala sine oppgåver og mandat er viktig, også i forhold til frivillige initiativ. Kommunikasjon mellom initiativtakarar og utvala.
 - d. Ønskje om eit eige punkt om kva som har skjedd i kyrkja sidan sist (v/ sokneprest), i tillegg til runde med utvala. Tidsbruken kan variera, litt ut frå omfanget av andre saker. Lesing av referata frå utvalet kan erstatta grundig gjennomgang frå utvala, slik at utvala prioriterer det som er spesielt ønske om å drøfta.
 - e. Ønske om å få meir rom til informasjon og drøfting av sakene, før ein tek opp forslaget til vedtak.
2. Korleis opplevde me samtaLEN på sist soknerådsmøte? Oppfølging.
 - a. Positiv erfaring. God gjennomføring.
 - b. Vurdere kor ofte me set av tid til dette.
 - c. Godt å få tid til å løfta blikket og reflektera.
 - d. Arbeidet mellom møtene er viktig, evt for avklaringar.
 3. 29. august, innsetting, aktivitetsdag
 4. Ny kyrkjeordning, møter 21. august og 21. september
 5. Orientering frå Fellesrådet v/ Dag. Vedlikehald på kyrkja. Økonomi.
 6. Innspel frå utvala. Sjå også eigne referat.
 - a. Kyrkjelivsutvalet er i gang med arbeidet. Fleire planar for tida etter korona. Samarbeidet vedr konsern med Brattland går sin gang.
 - b. Gudstenesteutvalet tematiserer korleis møta dei som deltek i gudstenestene. Ønskjer å arrangera rekrutteringskveld for frivillige. Kyrkjemusikalsk plan: Utfordra kantor til å koma med eit utkast til vidare drøfting.
 - c. Spira: Neste nummer med fokus på sang. Økonomiske utfordringar.
- **Skriv, referat og meldingar**
 1. Referat, Soknemøte (årsmøte) 30.mai
 2. Referat, Kyrkjelivsutvalet 3.juni
 3. Referat, Kyrkestova Fredheim, 1.juni

Anders Dahl
soknerådsleiar
sign

Dag Sele
referent og nestlediar
sign